



Kjersti Furnes Soltvedt
Marlon Soltvedt
Mykingvegen 121 A
5913 EIKANGERVÅG

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/77 - 16/556

Saksbehandlar:

Harald Solheim

Harald.Solheim@lindas.kommune.no

Dato:

08.01.2016

Avslag på krav om retting matrikelopplysningar gbnr 212/53 - Bakken av Eikanger nedre

Administrativt vedtak. Saknr:

017/16

MELDING OM DELEGERT VEDTAK

SAKSUTGREIING

Viser til krav om retting av matrikelopplysningar av 24.11.2015 – gbnr gbnr 212/53 Bakken av Eikanger øvre.

Etter henvendelse frå eigar vart byggnr 176283637 endra frå kode 241 – hus for dyr/landbruk til kode 239 – annen lagerbygning. Det er opplyst frå eigar at bygget tidlegare har vore brukt av Helland Elektro som forretningslokale/lager men kommunen har ikkje motteke noko dokumentasjon på at bygget er eller blitt brukt som forretning/lager.

Skal bygget brukast som forretning/kontor/lager må det søkjast om bruksendring til det formålet som bygget er eller skal brukast til jfr. Plan- og bygningslova § 20-1.

VURDERING

Matrikkelen er landets offisielle register for både eiendoms-, bygnings- og adresseinformasjon. Hjemmelen for å rette opplysningar i matrikkelen finnes i matrikelloven § 26.

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733

DER DRAUMAR BLIR RØYNDOM



Kommunen gjer merksam på:

I § 26 Retting av opplysningar i matrikkelen og sletting av matrikkeleining heiter det:

Kommunen kan rette, endre og leggje til opplysningar som kommunen fører i matrikkelen, når det kan gjerast utan å halda oppmålingsforretning. Andre organ som fører opplysningar i matrikkelen, kan tilsvarande retta, endre og leggje til vedkommande opplysningar.

Kommunen kan slette matrikkeleining frå matrikkelen dersom eininga er urett oppretta. Det same gjeld for matrikkeleining som fysisk ikkje lenger eksisterer. Dersom eininga er ført inn i grunnboka, kan ho berre slettast i matrikkelen dersom ho samtidig blir sletta i grunnboka.

Ein part kan krevja at matrikkelen blir retta når det blir dokumentert at opplysningane er urette eller ufullstendige, eller at grunnlaget for registreringa er falle bort. Dersom det er behandla opplysningar som er urette, ufullstendige eller som det ikkje er høve til å behandle, skal det organet, som har lagt inn opplysningane, av eige tiltak rette opplysningane. Opplysningar om grenser som er fastlagde i oppmålingsforretning eller i tilsvarande forretning etter anna eller tidlegare lovgiving, kan berre rettast på grunnlag av ny oppmålingsforretning eller rettskraftig avgjerd ved domstolane. Part som retting, endring eller tilføyning har noko å seia for, skal underrettast. Denne paragrafen går framom personopplysningslova § 27 om retting av mangelfulle personopplysningar.

Departementet kan i forskrift gi nærare reglar om rettingar, endringar og tilføyningar til matrikkelen, og sletting av matrikkeleining, under dette om underretting og når underretting kan sløyfast.

Bruksendring etter plan- og bygningslova.

Det vert gjort merksam på at endra bruk av bygning, kan krevje eigen søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova § 20-1. Ein må søke om tillatelse til bruksendring når eit byggverk skal takast i bruk til noko anna enn det byggverket opprinnelig var godkjent for eller lovlig brukt til. Tilsvarande gjelder for tilrettelegging for anna bruk. Føremålet med søknad om bruksendring etter plan- og bygningslova er for at kommunen skal få muligheten til å vurdere eventuell ny bruk i forhold til no gjeldande bestemmelsar for arealdisponering og bygnings- og bruksmessige krav, dvs. om endringane rårar ved omsyn som plan- og bygningslovgivingen skal ivareta.

Vedtak

I medhald av § 26 i matrikkellova vert omsøkte krav om retting i matrikkelen er avslått i henhold til dokumentasjon som er lagt fram i saka.

Endring frå kode 241 – hus for dyr/landbruk til kode 239 annen lagerbygning er matrikkelført.

Klage

Klagerett – matrikkellova § 46 punkt h

Enkeltvedtak etter denne lova kan klagast på etter kapittel IV til VI i forvaltningslova. Avslag på krav om retting av opplysningar i matrikkelen jfr § 26 tredje ledd. Klagefristen er 3 veker frå den dagen de mottok vedtaket. Fylkesmannen er klageinstans for kommunale vedtak når ikkje anna er bestemt. Klagen skal grunngjevast og stilast til Fylkesmannen i Hordaland og sendast til Lindås kommune, geodataavdelinga, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Med helsing

Tommy Veland

Avdelingsleiar geodata

Harald Solheim

Rådgjevar geodata